

KOMMISJONSVEDTAK**2014/EØS/32/06**

av 22. oktober 2004

**om lenging av fristen for å setje øymerke på visse dyr av storfe
som vert haldne i naturreservat i Nederland***[meldt under nummeret K(2004) 4013]***(Berre den nederlandske teksta er gyldig)**

(2004/764/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system
for identifikasjon og registrering av storfe og om merking
av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av
rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 2,

med tilvising til oppmodinga som Nederland har lagt fram, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) På grunn av praktiske vanskar har Nederland oppmoda om lenging av den fristen på tolv månader som er fastsett for å setje øymerke på dyr av storfe i naturreservat.
- 2) Desse dyra vert hovudsakleg haldne med sikte på vern av natur og landskap og ikkje for produksjonsfremål. Dei vert haldne under ekstensive driftstilhøve der dei streifar fritt omkring, og der kalvane alltid går saman med mora.
- 3) Oppmodinga frå Nederland er velgrunna og bør takast omsyn til, på det vilkåret at lenginga av fristen ikkje rører ved kvaliteten på opplysningane frå den nederlandske databasen for storfe, og at det berre er dyr med øymerke som kan flyttast.

- 4) I tilfelle der dyr ikkje er vortne øymerkte før dei er seks månader gamle, bør identiteten til mora kontrollerast gjennom ei DNA-prøve. Når det vert teke omsyn til denne tilleggsgarantien, bør fristen for øymerking vere høgst tolv månader.
- 5) Dette unntaket bør berre gjelde for eit avgrensa tal på driftseiningar, som kvar og ei er vorten godkjend som naturreservat i samsvar med nærmare fastsette kriterium, og som Kommisjonen har fått melding om.
- 6) Dei nederlandske styresmaktene pliktar seg til ikkje å utvide dette unntaket til å omfatte systemet for identifikasjon og registrering av storfe.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for Det europeiske utviklings- og garantifondet for landbruket —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Nederland kan lengje til tolv månader den fristen som er fastsett i artikkel 4 nr. 2 i forordning (EF) nr. 1760/2000 for å setje øymerke på kalvar som vert haldne i visse naturreservat, såframt alle dei vilkåra som er fastsette i dette vedtaket, vert oppfylte.

Denne lenginga skal ikkje røre ved kvaliteten på opplysningane frå den elektroniske databasen for storfe.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 339 av 16.11.2004, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 21/2009 av 17. mars 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 28, 28.5.2009, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.

Artikkel 2

1. Lenginga som er fastsett i artikkel 1, skal tillatast såframt alle dei vilkåra som er fastsette i nr. 2-5, vert oppfylte.
2. Dyra skal vere fødde i eit naturreservat som er godkjent av den rette styresmakta i samsvar med artikkel 3.
3. Det skal meldast frå om alle kalvar som vert fødde, til den rette styresmakta innan ein frist som vert fastsett av Nederland i samsvar med artikkel 7 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1760/2000.
4. Øymerka skal setjast på før kalvane er tolv månader gamle.
5. Ingen dyr skal forlate naturreservatet utan at det er sett øymerke på dei.
6. I tilfelle der kalvar ikkje er vortne øymerkte før dei er seks månader gamle, skal identiteten til mora kontrollerast på grunnlag av ei DNA-prøve som vert teken når øymerket vert sett på.

Artikkel 3

1. Den rette styresmakta kan godkjenne naturreservat for føremålet med dette vedtaket dersom dei oppfyller dei følgjande vilkåra:
 - a) naturreservatet er ei driftseining der dyra hovudsakleg vert haldne med sikte på vern av natur og landskap,

- b) naturreservatet har ein storleik på minst 100 hektar,
 - c) den faktiske, gjennomsnittlege dyretettleiken per år er mindre enn 0,5 dyr som er over tolv månader gamle, per hektar,
 - d) dyra streifar fritt omkring i eit system som fullt ut er ekstensivt, der kalvane går saman med mora.
2. Statusen til ei driftseining som godkjent naturreservat med utvida frist for øymerking, skal gå klart fram av journalane i den elektroniske databasen for storfe.
 3. Den rette styresmakta skal sende over til Kommisjonen lista over naturreservat som er godkjende i samsvar med nr. 1.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til Kongeriket Nederland.

Utfërda i Brussel, 22. oktober 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen